



Goman Rognaldsen AS  
Veråsvegen 234  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3221 - 16/27644

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.10.2016

## Registrert usikra kum. Varsel om at kommunen vil vurdera å gje pålegg om sikring - gbnr 108/88 Lindås

Lindås kommune har ved synfaring på eigedomen 23.09.2016 registrert pumpekum for kloakk som ikkje er tilfredsstillande sikra. Vi ser at saka også er tatt opp med dykk i 2013 utan at kummen er tilfredsstillande sikra, jf arkivsak 2013/79.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at

*«Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem».*

Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at kummen til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lokk på kum må vera utført i solide material og vere så tett at ikkje barn kan komme igjennom det, samt vera forsynt med forsvarlig lås eller annet stengsel, slik at det ikke lett kan løftast av eller skuvast til side

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det blant annet følgende om sikring og istandsetting:

*«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»*

**Pumpekummen må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 26.10.2016**



Forhåndsvarsel om pålegg om sikring og istandsetting:

I samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyresmakta med heimel i pbl § 31-3, vil kunne gjera vedtak om pålegg om sikring av kummen ikkje vert utført innan fastsett frist.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på kummen må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen, ved skjemaet skal det og liggja bilete som syner at det er montert lokk. Skjema og bilete sender du til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

**Mottakarar:**

Goman Rognaldsen AS

Veråsvegen 234 5955

LINDÅS